



**Notat**

Dato: 27.10.2016  
Arkivsak: 2014/12636-8  
Saksbehandlar: karoen\_

---

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

## **Arbeidet med heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune**

Fylkesrådmannen har i fleire løypemeldingar til administrasjonsutvalet det siste året informert om bruken av deltidsstillingar i Hordaland fylkeskommune og arbeidet med å få ned omfanget av ufrivillig deltid. Seinast i møte 5. september 2016 var det lagt fram ein rapport frå ei spørjeundersøking blant tilsette i HFK om ufrivillig deltid.

Denne undersøkinga syntetiserer at største delen av dei som arbeider deltid (77 %) er tilsett i vidaregåande skule medan 16 % arbeider i tannhelsetenesta. Vidare er 4 av 5 som arbeider deltid kvinner. Kartlegginga viste at omlag 1/3 av dei som arbeider deltid ønsker seg ein større stillingsprosent, helst heil stilling. Kven desse medarbeidarane er har vi ikkje oversyn over sidan undersøkinga er gjennomført i anonymisert form. Med utgangspunkt i det samla talet på deltid i HFK vil talet på tilsette i ufrivillig deltid utgjøre omlag 350 tilsette.

Hordaland fylkeskommune har ein intensjon om å utvikle ein heiltidskultur i organisasjonen. For å koma dit må første delmål vere å få redusert omfanget av ufrivillig deltid.

Fylkesrådmannen har nyleg sett ned ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå organisasjonane og frå administrasjonen ( HR, opplæring, tannhelsetenesta). Arbeidsgruppa sitt mandat er todelt:

- 1) evaluere tiltak som er sett i gang m.a. Prøveordning med intern utlysing av stillinger innanfor områda kontorpersonell, lærarar, miljøarbeidrarar og reinhaldarar
- 2) utarbeide lokale retningslinjer for arbeidet med heiltidskultur i HFK

I arbeidet vil det bli gjennomført nærmare analyser for å få fram nytige data om deltid/ufrivillig deltid m.a. geografisk fordeling av deltidsstillingar, kor det har vore faktisk nedgang og årsak til dette, kven som har arbeidd deltid i meir enn 5 år osv.

Det fins ikkje noko fasitsvar på kva verkemiddel som er best eigna til å utvikle ein heiltidskultur. Dette vil avhenge av prosessar, lokale tilhøve og føresetnader elles. Det arbeidet ein no startar opp kan vere eit viktig steg framover mot meir heiltid i HFK.

Fylkesrådmannen vil koma attende til administrasjonsutvalet med resultatet av arbeidet i arbeidsgruppa.